

# Sensorvegleiing STV1501 H-2021

Eksamens er lagt opp som ein digital heimeeksamen med same tidsramme som ein digital skuleeksamen (dvs. 4 timer), og dette har vore kjent sidan semesterstart. Fordi eksamen er ein «open bok-eksamen», der studentane har full tilgang til lærebøker, artiklar, forelesingsnotatar og internett, er krava til ståkarakter høgare enn vanleg. Knappe svar som ber preg av googling eller parafrasering av læreboka gir ikkje grunnlag for ståkarakter.

Felles for begge oppgåvesett: For å få god karakter skal studenten svare på (alle delar av) oppgåva. Poenget med eksamen er ikkje å skrive alt ein kan; det skal vera relevant. Gode grunngjevingar og drøfting trekker opp. Utanomsnakk kan i verste fall trekke ned, særleg viss det fører til at ein ikkje rekk å svare på alt. Begge oppgåvesetta er relativt arbeidskrevjande og vil premiere dei som har jobba godt med stoffet på førehand.

## Oppgåve 1. Europaparlamentet og Brexit

*Pensumdekning:* Europaparlamentsvalet 2019 er primært dekt i artiklane frå Kritzinger et al (Crum, De Wilde og Pescia et al), og i Treib. Hobolt 2015 (om 2014-valet) er også relevant, og det same gjeld Hix og Marsh. EPs rolle i beslutningsprosessen er dekt i Olsen et al, kap. 6. Brexit er dekt i Hobolt 2016 (om folkeavstemminga), Bratberg (om bakgrunnen), Buesa et al, Keating, Sapir (om TCA) og Schnapper (om forhandlingane).

### a) Gjer greie for valet til Europaparlamentet i 2019. Korleis skil dette valet seg frå tidlegare val til Europaparlamentet?

Kjernen i oppgåva er samanlikning av 2019-valet med tidlegare Europaparlamentsval. Valresultatet er lett å google, og gir dermed *ikkje* poeng. Nokre element som bør vera med er:

- utviklinga i valdeltaking over tid
- styrken til euroskeptiske parti i 2019 og 2014, og gjerne kva euroskepsis går ut på
- endringar i balansen mellom dei europeiske partigruppene

Det er ikkje unaturleg å seia noko om valordningar, om forholdet mellom nasjonale parti og partigruppene, og/eller trekke inn spitzenkandidatar. Det gir derimot ikkje poeng å skrive om oppbygginga av Europaparlamentet eller det demokratiske underskotet (utanfor oppgåva).

Studentar som har lese artikkelpensum vil trekke inn litteraturen om Europaparlamentsval som andrerangsval, og kommentere i kva grad hypotesane til Reif & Schmitt får støtte (grundig dekt i Hix & Marsh, og i Pescia et al for 2019-valet). Kandidatar som skal ha A og B bør ha lese artikkelpensum, og det bør gå tydeleg fram.

### b) Kva for rolle spelar Europaparlamentet i vedtaksprosessane i EU (1) i saker som gjeld den indre marknaden og (2) i samband med inn- og utmelding?

Oppgåva krev god oversikt over hovudtrekka i EUs vedtaksprosedyrar og i kva for tilfelle dei blir brukta. Dette er heilt sentralt i kurset. Europaparlamentet er saman med ministerrådet EUs lovgjevande makt. Europaparlamentets rolle varierer med vedtaksprosedyre, og det gjer også rekkefølgja på behandlinga i dei to lovgjevande organa.

Den alminnelege lovgjevingsprosedyren blir brukta i alle saker som gjeld den indre marknaden. Her bør studentane ha med når denne prosedyren vart innført, kva den heitte og at dette er hovudregelen etter Lisboa. Gode kandidatar kjenner meir detaljert til gangen i den alminnelege lovgjevingsprosedyren, inkludert trilogar, og kan gje greie for dette. Når det gjeld Europaparlamentets rolle i samband med inn- og utmelding, er det korte svaret at det skjer etter godkjenningsprosedyren. Gode kandidatar vil kanskje nemne også dei andre prosedyrane og bruken av dei. Det er ikkje nødvendig, men absolutt ikkje negativt.

Gode kandidatar vil kanskje påpeike at parlamentet har styrka makta si i forhold til ministerrådet etter Lisboa og korleis dette har skjedd. Lange utlegningar om det demokratiske underskotet gir derimot ikkje poeng.

c) Gjer greie for bakgrunnen for, og forklar utfallet av, folkeavstemminga om Brexit i 2016.

Oppgåva handlar dels om bakgrunnen for at det vart folkeavstemming i 2016, og dels om kvifor resultatet av folkeavstemminga vart som det vart. Her er det naturleg å ta utgangspunkt i Storbritannias rolle som bremsekloss i den europeiske integrasjonen, og deretter seia noko om grunnen til at Cameron gjekk inn for ei folkeavstemming.

Når det gjeld utfallet av folkeavstemminga, er viktige poeng regionale forskellar i stemmegjeving, dei viktigaste aktørane og argumenta på begge sider, og kven «leave»- og «remain»-veljarane var (dette er grundig dekt i Holbolt). Flinke studentar vil kanskje også trekke parallellear til den norske debatten og folkeavstemmingane i 1972 og 1994.

d) Gjer greie for forhandlingane mellom Storbritannia og EU om vilkåra for Brexit og det framtidige forholdet mellom partane. Drøft korleis Handels- og samarbeidsavtalen (TCA) skil seg frå EØS-avtalen og kvifor dette vart utfallet av forhandlingane.

Oppgåva krev god oversikt over kjernen i europeisk integrasjon, forhandlingane og avtalane mellom EU og Storbritannia, samt EØS-avtalen. Oppgåva fell naturleg i tre delar: ein del om forhandlingane, ein del der studenten samanstiller EØS og TCA, og ein drøftingsdel.

Sentralt i samband med forhandlingane er

- rekkefølgje: EU insisterte på å forhandle fram ein utmeldingsavtale først.
- problemområde: budsjett, rettane til EU-borgarar i UK og britar i EU, Nord-Irland.
- posisjonar: Storbritannias draum om einhjørningen og EUs nei til cherrypicking
- avtalane: her kan ein ikkje forvente mange detaljar, men Nord-Irlandsprotokollen bør nemnast under withdrawal agreement, og prinsippet om «level playing field» under TCA.

Samanlikninga med EØS-avtalen:

- innhald: forholdet til den indre marknaden og kva for politikkområde som er inkludert.
- institusjonar og nasjonal sjølvråderett i TCA samanlikna med EØS (stikkord: dynamisk avtale, institusjonar for implementering av EU-rettsakter versus «level playing field»).

Drøfting: Ei god drøfting får fram kvifor EØS ikkje var ein aktuell modell og kvifor UKs draum om einhjørningen ikkje var mogleg. Denne delen av oppgåva er meir open, og studentar som resonnerer godt, bør premierast. Gode studentar vil f.eks. kunne trekke inn liberal intergovernmentalisme og forhandlingsteori. Schnappers artikkel er eit godt inntak her.

## Oppgåve 2. Integrasjon – politikkområde

Pensumdekning: Olsen et al, kap. 1-3, McCormick, kap. 7, 9, (15), 19–21, Skjærseth 2021.

### a) Kva er dei viktigaste milepålane i utviklinga av den europeiske integrasjonen og kvifor?

Europeisk integrasjon handlar om overføring av makt og kompetanse frå medlemsstatane til institusjonar på europeisk nivå, ikkje om utviding til fleire land eller om Brexit. Det siste gir dermed ikkje poeng. Den økonomiske integrasjonen har særleg forsterka seg etter einskapsakta, og etter Maastricht har samarbeidet i EU også ein tydelegare politisk dimensjon, sjølv om noko av det er av mellomstatleg karakter. For å få god karakter (A og B) er det ikkje nok å nemne dei ulike traktatane. Det skal også vera gode grunngjevingar for at dei punkta som blir nemnt er viktige milepålar.

Det finst ingen fasit på kva som er dei *viktigaste*, men nokre viktige milepålar er:

- kol- og stålfellesskapet
- det europeiske økonomiske fellesskapet (Romatraktaten)
- einskapsakta
- Maastrichttraktaten
- Lisboatraktaten

I tillegg kan det tenkjast at nokon nemner andre traktatar. Det er også heilt fint, så lenge det er grunngjeve.

### b) Korleis kan dei klassiske integrasjonsteoriane brukast til å forklare europeisk integrasjon?

For å svare på oppgåva må studentane vite kva som er meint med klassiske integrasjonsteoriar. Olsen et al (2020) skriv om nyfunksjonalisme og intergovernmentalisme under denne overskrifta. På forelesing har også liberal intergovernmentalisme vore nemnt som ein klassisk integrasjonsteori. Begge delar er greitt.

For å få god karakter, må ein a) gjera greie for kva desse teoriane går ut på, og b) gjera å bruke dei til å forklare europeisk integrasjon. Sidan ein har læreboka tilgjengeleg, burde det ikkje vera særleg krevjande å gjera greie for teoriane. Eit hovudpoeng er at nyfunksjonalisme eignar seg til å forklare integrasjon, medan (liberal) intergovernmentalisme også kan forklare tilbakeslag i integrasjonen. Nokon vil kanskje også trekke inn andre perspektiv. Det er heilt fint, så lenge det går tydeleg fram kva som er klassiske integrasjonsteoriar.

c) Korleis utformar EU politikk på politikkområde der unionen har kompetanse, og korleis blir vedtak fatta i EU?

Her må studentane vise at dei har skjønt kva som ligg i at EU har kompetanse på eit politikkområde. Dette er gjennomgått på forelesing og står i Olsen et al., kap 3, samt i McCormick, kap. 9 og 19. Når det gjeld utforming av politikk i EU skjer det hovudsakleg på to måtar: via budsjettet og via reguleringar (rettsakter). Det siste er viktigare enn det første. I begge tilfelle utgjer økonomisk integrasjon ein stor del (av budsjett og rettsakter). Det er ikkje heller ikkje unaturleg å skilje mellom ulike typar rettsakter (forordningar etc).

Korleis vedtak blir fatta i EU er eit spørsmål om *vedtaksprosedyrar*. Alle gjeldande prosedyrar bør nemnast. Etter Lisboa er den alminnelege lovgjevingsprosedyren den klart viktigaste. Pluss til dei som har med dette poenget – særleg dersom prosedyren er godt forklart og/eller prosedyren for budsjettvedtak er nemnt spesielt.

Nokon vil kanskje gå gjennom oppbygginga av institusjonane. Det er greitt så lenge dei også svarer på oppgåva.

d) Gjer greie for utviklinga av EUs klimapolitikk etter Kyoto, og drøft i kva grad og kvifor (ikkje) EU har lykkast.

EU er ein viktig aktør i klimapolitikken. I litteraturen er det vanleg å skilje mellom EUs klimapolitikk internasjonalt og EUs interne klimapolitikk, men desse heng sjølvsaqt saman.

Internasjonalt kjempar EU for internasjonalt forpliktande avtalar, og strategien har vore å gå føre og vise veg.

Den interne klimapolitikken er best dekt i pensum, så det er ikkje urimeleg å fokusere mest på denne. Denne kan delast i tre fasar (eller fire, om ein inkluderer European Green Deal (karbonnøytralitet innan 2050)). Verkemidla er kvotehandel, byrdefordeling, nasjonale energi- og klimaplanar og krav til utslepp og opptak av CO<sub>2</sub> i samband med arealbruk. Ei god drøfting får fram korleis det har vore mogleg å få dei motvillige med på ambisiøse mål, og kvifor kvotehandelssystemet har fungert relativt därleg fram til heilt nyleg. Dette er gått gjennom på forelesing, og er dekt i læreboka (McCormick) + i Skjærseth (2021).